

Til Konsesjonsavdelinga  
NVE

Litlabø 2. oktober 2013

## Høyringsutale vedr. søknad frå Erko Settefisk AS om løyve til å tappa vatn frå Storavatnet

Rødkleiv Vel, som representerer alle som bur i Rødkleiv, Litlabø, er ueinig i at Storavatnet har liten verdi for friluftsliv og er redd for konsekvensane ved ei eventuell regulering.

Det er langt til sjøen og Storavatnet er difor viktig for oss som bur i bygda. Alle her oppe har alltid brukt vatnet aktivt i sommarhalvåret til bading, padling og roing. Det er fleire strender som vert brukt, og slik har det alltid vore!

Om vinteren står vi på skeiser på vatnet i Hustrudalen. Det siste er svært farleg, dersom vatnet vert ustabilt.

Det som står i søknaden om «ubetydelig» bruk og friluftsliv i samband med Storavatnet stemmer såleis ikkje, og vi bed Konsesjonsavdelinga ta omsyn til dette!

Beste helsing

**Rødkleiv Vel**

v/Tina Pettersen  
Leiar

Gunnvor Sen  
Nestleiar